



# GLOPPEN KOMMUNE

## SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	13.03.2008	033/08

<b>Avgjerd av:</b> Formannskapet <b>Saksbehandlar:</b> Bjørn Aurlien	<b>Objekt:</b> <b>Arkiv:</b> L12	<b>Arkivsaknr.:</b> 04/828-28
---	-------------------------------------	----------------------------------

## ENDRA REGULERINGSPLAN SMÅBÅTHAMNA - ØYRANE VEST

### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
12	U	02.02.2007	Formannskapet	Revisjon av reguleringsplanen småbåthamna - Øyrane
15	U	16.05.2007	Sandane Småbåtlag; Nordfjord Folkemuseum; Jan-Kjetil Øygaard	Reguleringsendring for småbåthamna - Øyrane, innkalling til møte
18	U	22.06.2007	Sogn og Fjordane fylkeskommune; Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga;	Varsel om start av reguleringsarbeid på Sandane
21	I	15.08.2007	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Varsel om oppstart av endring av reguleringsplan Småbåthamna - Øyrane Vest, Sandane
19	I	15.08.2007	Kjellrun og Svein Helge Hovstad	Reguleringsplan for småbåthamn på Øyrane ved Holvikjekta
20	I	15.08.2007	Kai Hysing	Reguleringsplan for Øyrane - småbåthamn
22	I	16.08.2007	Sandane Småbåtlag	Reguleringsendring - Øyrane
23	I	17.08.2007	Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga	Innspeil til varsel om reguleringsarbeid - Øyrane Vest
24	I	21.08.2007	Gloppen Padleklubb	Innspeil til reguleringsplanen på Øyrane
25	I	03.09.2007	Nordfjord Folkemuseum	Innspeil til reguleringsplan for Øyrane
26	I	15.11.2007	Nordfjord Folkemuseum	Utskrift av møteboka - arealet på Øyrane

### Saksvedlegg:

Plankart og tekstdel.

### Bakgrunn for saka:

Gloppen kommunestyre vedtok i juni 2007 oppstart av omreguleringsarbeid for området mellom Holvikjekta og småbåthamna.

### Saksutgreiing:

Reguleringsplan for området var sist vedteken i 1999. Hovudformålet den gongen var å finne areal for Stiftinga ny Nordfjordjekt som ville bygge kopi av Holvikjekta. Stiftinga er nå i ferd med å bli lagt ned. I dag er her eit større og meir aktivt småbåtlag enn i 1999. I tillegg har Gloppen kommune kjøpt ein bustadeigedom som skal tilretteleggjast til friluftsfornål.

Oppstart av planarbeid var varsla i slutten av juni 2007. Innspeil er referert i tekstdelen til planen som er vedlagt. Ei arbeidsgruppe som er sett saman av folk frå Nordfjord

Folkemuseum, Sandane småbåtlag og Gloppen kommune har arbeidd med utforming av ny reguleringsplan for området. Innspela har vore framlagt for arbeidsgruppa, og planen er utforma dels for å imøtekomme nokre av dei innkomne synspunkta og dels med bakgrunn i gruppa sine egne tankar om området.

Innhaldet i planframlegget går klart fram av kart og tekstdel og blir ikkje nærare orientert om her.

### **Rådmannen si vurdering:**

Felles for dei involverte er eit sterkt ønske om å kunne utvikle planområdet til eit flott kultur- og rekreasjonsområde, og få vekk det ”bakgårdspreget” som delar av området har i dag. Utvikling av ei maritim avdeling for Nordfjord Folkemuseum står sentralt i dette. Gjennom planframlegget får museet tilgang på areal som kan gjere det mogleg ikkje berre å betre formidlinga av Holvikjekta, men også å skape eit maritimt miljø rundt denne med gamle naust, båtar og båtbyggerverkstad. Sandane småbåtlag får vesentleg betra sine rammevilkår, ved tilgang på meir sjøareal, landareal og bygg. Laget har gitt signal om engasjement og dugnadsvilje for å få rydda området og er pådrivar for å få stelt til ein park. Museet ønskjer primært at småbåtlaget si flytebrygge på sikt skal flyttast lenger ut og vestover. Rådmannen har etter ei samla vurdering valt å ikkje ta omsyn til dette.

Rådmannen har opplevd arbeidet i prosjektgruppa som svært positivt og konstruktivt. Eit sentralt tema har vore kva ein bør gjere med bygg som er lite brukt. Konklusjonen er at det er betre å få fylt eksisterande bygg med ny aktivitet, enn å tenkje riving og nybygg. Både stallane og hovuddelen av slaktehuset er bygg som har arkitektoniske og kulturhistoriske verdiar, og som med nødvendig vedlikehald og ny bruk kan bli positive element i området. Bustadhuset kommunen nyleg løyste inn er meir malplassert i eit maritimt miljø og verre å tilpasse endra bruk, og vert difor foreslått rive.

Eit anna viktig punkt har vore tilrettelegging for allment friluftsliv, knytt opp mot eigedomen kommunen har løyst inn med støtte frå Direktoratet for Naturforvaltning. Rådmannen meiner planen er ei god ramme for slik tilrettelegging, både når det gjeld land- og sjøareal. Fysisk markering av grensa mellom trafikkområde i sjø og badeplass er brukt mange andre stader, og bør også kunne fungere her.

Utfordringa framover vil vere å finne økonomiske midlar til å gjennomføre alle gode intensjonar. I første omgang kan det vere behov for å bruke noko kommunale midlar på slaktehuset. Før eller seinare må eternitt-taket fjernast anten huset skal stå eller rivast. Dersom huset skal brukast av museet og småbåtlaget, slik dette planforslaget legg opp til, bør dette gjerast med det første. Rådmannen ser at her kan vere grunnlag for eit spleiselag som alle partar vil ha nytte av, og vil kome attende med eiga sak om det så snart planendringa er vedteken.

### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Gloppen formannskap vedtek i samsvar med pbl. §27-1 å legge forslag til ny reguleringsplan for Småbåthamna – Øyrane vest ut til offentleg gjennomsyn.

## **13.03.2008 FORMANNSKAPET**

### **033/08 VEDTAK:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.